

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 5/2011

Møtedato: 1.2.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om vinterjaktprøve 26. og 27. februar, NISK

Norsk irsketterklubb søker om å få arrangere jaktprøve den 26. og 27. februar.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

1. Prøvedato: 26. og 27. februar 2011.
2. Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
3. Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.
4. Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidelege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
5. Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret først måndag etter prøva.
6. Pris: Kr 70 pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
7. Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal vera skriftleg og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.2.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Norsk irsketterklubb v/ Lene Moen